

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr.: 2005/498/35	Dok.nr.: 166
Arkivkode: 520	Journ.dato: 12/4-05
Avl.: KTA	Saksbeh.: KOH
U.off.:	



Helse- og omsorgsdepartementet
postboks 8011,dep.

0030 Oslo

Vår dato: 03.03.2005
Vår ref: 2005/498 - 1245/2005 /
Dykkar ref:

Høyringsuttale frå Stord kommune - NOU 2004:18 Helhet og plan i sosial- og helsetjenestene

Viser til tidlegare brev der Stord kommune bad om utsett høyringsfrist for at saka skulle til politisk handsaming og tilbakemelding frå dykk om at dette var i orden. Levekårskomiteén i Stord kommune hadde saka oppe i går og var einige om følgjande høyringsuttale:

Vedtak:

Levekårskomiteén i Stord kommune vil gje følgjande uttale til høyring:


Komiteen ser positivt på forslag til ny lov. Vektlegginga av respekt, deltaking av tenestemottakar, samordning og samarbeid internt og eksternt er viktig for å ivareta den einskilde sin rettstryggleik. Det er nokre områder som det er verdt å peika på i ein høyringssamanheng:

- Det bør vera ein større detaljeringsgrad på nokre områder i lova for å sikra viktige omsyn
- Sjølv om barnevernet er føreslått å koma inn under same teieplikt som andre helse- og sosialtenester, er det ein fare for at samarbeidet med dei andre instansane kan li ved at barnevernslova ikkje kjem inn under det same lovverket også på andre område.
- Lova legg opp til auka bruk av data, interne tilsyn og auka grad av dokumentasjonsplikt utan at dei økonomiske konsekvensane for kommunen er analysert.
- Rådmannen finn ikkje kopling mellom den nye velferdsmeldinga (SATS), som ser på samarbeidet mellom Aetat, trygdeetaten og sosialkontoret i kommunane,- og denne nye lova
- Det bør i ei ny lov sikrast at dei som får hjelpemidlar i eigen heim får desse med seg ved innlegging i institusjon
- Forslag til lov seier at kommunen skal ha fagleg ansvarlege for tenestene. Det må presiserast kva tenester dette gjeld.
- Det bør vurderast om tvang skal takast ut og heller samordnast med andre deler av tenestene i ei eiga felles "tvangslov", som har rom for individuelle forskjellar mellom tenestemåta.
- Det førebyggjande arbeidet må sikrast betre.
- Plikt til å ha legevakt må lovfestast. Rette til legehjelp ved akutt behov og rett til plass på fastlegeliste må koma tydelegare fram.

Vedtak slutt.

Det vart under møtet presisert i høve strekpunkt 7 at kapittel om tvang ikkje må takast ut av den nye lova utan at den først er erstatta med ei ny.

mvh



Trygve Dahl
sakshandsamar